

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 10.03.2023

Vår ref.: 202302977-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 22/9076 - 23/9850

Sakshandsamar: Margit Sandem

Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn - Høyring - Søknad om dispensasjon - Breiddeutviding og utbetring av vegparti gnr. 316 bnr. 1 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 10.02.2023 med høyring av dispensasjonssøknad. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, samt byggegrense mot vassdrag for å breiddeutvide fv.5312 på sju plassar.

Om NVE

NVE er mynde for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE skal hjelpe kommunane med å førebygge skader frå naturfarar og overvatn ved å bygge opp og legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag, og gi rettleiing.

NVE sitt fokus i samband med vegplanlegging

Ved førebygging av ulukker som følgje av skred, flaum og erosjon legg NVE til grunn at Fylkeskommunen sjølv syter for tilstrekkeleg tryggleik mot eigne vegar, t.d. gjennom bruken av akseptkriterium for skred mot veg. I vår medverknad i høve tryggleik mot skred, flaum og erosjon vil vi fokusere på at veganlegget ikkje må føre til at byggverk, byggegrunn og tilstøytane terreng ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-1 andre ledd.

NVE si konkrete fråsegn

Saka omfattar sju ulike tiltaksområde langs fv. 5312 som ligg i aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Tiltak nr. 7 ligg delvis under marin grense noko som betyr at det kan vere fare for områdeskred av kvikkleire.



Vestland fylkeskommune har definert at vegen har eit tryggleikskrav på 1/20 utløyst av ÅDT (årsdøgntrafikk) i medhald av N200. Den reelle fara for snøskred, steinsprang, kvikkleireskred, jord- og flaumskred er avklart i notat *Redegjørelse skred og flom* datert 13.02.2023. Vestland fylkeskommune har vurdert kva sikringstiltak som er naudsynte for å sikre tilstrekkeleg tryggleik ved dei ulike utvidingane. Det er og skildra korleis ein skal unngå framtidig erosjonsproblematikk ved tiltak 3. NVE har ingen merknader til vurderingane.

I område med ustabile grunnforhold må de dokumentere at vegbygginga ikkje skal påverke områdestabilitet. Ved kryssing av bekker og vassdrag må tilstrekkeleg kapasitet på bruer og kulvertar dokumenterast for å hindre vatn på avveggar i flaumsituasjonar.

De kan ta kontakt med NVE dersom de treng konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND